**Fra:** fmhopostmottak@fylkesmannen.no
**Sendt:** 28. mars 2017 13:42
**Til:** Postmottak Lindås
**Emne:** Uttale - Lindås - Gnr 62 bnr 41 - Tofting - Dispensasjon for etablering av trekai

Vi viser til brev av 23.03.2017, dykkar ref. 17/529 - 17/9266, med uttalefrist 20.04.2017. Saka gjeld søknad om dispensasjon for å etablere trekai på om lag 18 m2 på ubygd tomt.

I 100-metersbeltet langs sjø skal det takast særleg omsyn til natur- og kulturmiljø, friluftsliv, landskap og andre ålmenne interesser, jf. pbl. § 1-8. Forbodet mot bygging i 100-metersbeltet langs sjø etter andre ledd, skal vege tungt i ei dispensasjonsvurdering. Det skal særs mykje til før dispensasjon kan gjevast til bygging her, jf. Ot. prp. nr. 32 (2007-08) s. 243. Strandsona skal generelt haldast open og privatisering og nedbygging skal unngåast, når ikkje området er godkjent i overordna plan.

Kjem kommunen likevel til å kunne gje dispensasjon, legg vi til grunn at det vert stilt som vilkår at brygga skal stå på pålar, og at det ikkje skal utførast terrengarbeid.

Med helsing

Christian J. Alstad
seniorrådgjevar, Kommunal- og samfunnsplanavdelinga
Fylkesmannen i Hordaland